



# **Fleire statlege arbeidsplassar til Møre og Romsdal**

Halvårsrapport juni 2018

## Innhold

1. Samandrag.....	2
2. Prosjektet «Fleire statlege arbeidsplassar til Møre og Romsdal».....	3
3. Oppdatering av kunnskapsgrunnlaget .....	4
4. Rapport handlingsplanen for 1. halvår 2017.....	7
5. Nye aktuelle tiltak inn i handlingsplan for 2. halvår .....	17
6. Handlingsplan 2. halvår 2018 .....	20

31.mai 2018

# 1. Samandrag

## Utvikling statlege arbeidsplassar i 2017

Norge fekk 405 nye statlege arbeidsplassar i 2017. I Møre og Romsdal vart tal statlege arbeidsplassar redusert med 50. Veksten i statlege arbeidsplassar skjer no først og fremst i landsdelsentra og universitetsbyane Trondheim, Bergen, Tromsø og Kristiansand. Oslo og Akershus hadde nedgang i statlege arbeidsplasser i 2017.

## Status innsatsområde 1 – Utflytting frå Oslo

- Vedtaket i Regjeringas utflyttingsplan frå 2017 om 70 nye statlege arbeidsplassar til Kristiansund er på det nærmaste fullført.
- Ei utgreiing om behovet for eit nasjonalt ferjekontor lagt til Møre og Romsdal er utført, og blir overlevert samferdselsdepartementet som innspel til Nasjonal ferjestrategi.

## Status innsatsområde 2 – Regional stat

- Forventningane om fleire statlege arbeidsplassar til Møre og Romsdal som følgje av tilpassing i regional stat inn mot den nye regiondelinga, ser i stor grad ut til ikkje slå til. Regionreforma blir no sett i samanheng med nye oppgåver til fylkeskommunane (Hagenutvalet) og ei rekkje oppmodingsvedtak får Stortinget som samla dannar eit brokete bilete av kva som kan bli den samla effekten for dei nye fylkeskommunane frå starten 1. januar 2020.

## Status innsatsområde 3 – Pågåande endringar i eksisterande statlege verksemdar

- I 2017 ble det bestemt at Statens lånekasse sitt Ørstakontor skal vidareførast. I april 2018 bestemte regjeringa at også HELFO sitt Ørstakontor skal vere ein del av HELFO sin framtidige kontorstruktur. Saman utgjer desse to kontora om lag 60 statlege arbeidsplassar i Ørsta.
- Helse Møre og Romsdal HF er den desidert største statlege verksemda i fylket med nesten 6000 arbeidsplassar. Helseføretaket reduserte talet på arbeidsplassar med 193 i fjor, og det er grunn til uro for at den økonomiske situasjonen til føretaket kan krevje ytterlegare reduksjonar framover. Helseføretaket si utvikling vil i stor grad påverke den totale utviklinga i statlege arbeidsplassar i fylket framover.

## Status innsatsområde 4 - Forskingsarbeidsplassar

- Statistikken viser at Møre og Romsdal berre har vel 1 % forskingsarbeidsplassane i landet dvs. 185 av totalt 16.000 registrert sysselsette forskarar i landet.
- Det er utført ei kartlegging av forskingsmiljøa i fylket. Det synest ikkje naturleg at arbeidet med oppbygging av større og robuste forskingsmiljø lenger er ein del av dette prosjektet.
- Fylkeskommunen vil spele ei aktiv rolle i å få Helseinnovasjonssenteret i Kristiansund over frå en gründerfase til ein vekst- og utviklingsfase.

## Nye tiltak i handlingsplanen for 2. halvår

- Designmiljø for industrien under Norsk design og arkitektursenter (DogA) lagt til Sunnmøre
- Nasjonale funksjonar frå Konfliktrådssekretariatet lagt til Konfliktrådet for Møre og Romsdal.
- Samlokalisering av nytt nasjonalt eldre-, pasient- og brukarombod lagt til Pasient- og brukarombodet for Møre og Romsdal i Kristiansund.
- Nytt regionalt senter for snøskredvarsling lagt til Stranda
- Besøksenter Nasjonalpark lagt til Norsk Tindesenter, Åndalsnes

## 2. Prosjektet «Fleire statlege arbeidsplassar til Møre og Romsdal»

### Bakgrunnen

Fylkestinget vedtok våren 2016: «Å få lokalisert fleire statlege arbeidsplassar i Møre og Romsdal vil vere eit sentralt tema i Fylkesplan 2017-2020».

Bakgrunnen var dels oljeprisnedgangen som gjorde at Møre og Romsdal frå 2014 og framover mista 5-6000 arbeidsplassar. Samtidig viste statistikken at vårt fylke hadde om lag 4000 færre statlege arbeidsplassar enn gjennomsnittet for dei andre fylka - sett i høve til total tal arbeidsplassar.

Seinare vedtok fylkesutvalet at det både skulle lagast eigen strategi for arbeidet og opprettast eit eige prosjekt for jobben som skulle gjerast.

Prosjektet har vore i gang frå hausten 2017. Fylkestinget vedtok i desembermøtet 2017 ein første strategi for arbeidet, med tilhøyrande handlingsplan for 1. halvår 2018. Her vart det bestemt at det skulle rapporterast halvårleg frå prosjektet til fylkesutvalet.

### Strategien

Den vedtekne strategien seier

- På sikt bør Møre og Romsdal ha eit like stort innslag av statlege arbeidsplassar som resten av landet – dvs. ein auka frå 8 % til 11 % statlege arbeidsplassar av total tal arbeidsplassar i fylket.
- Innslaget av statlege arbeidsplassar bør i størst muleg grad vere likt fordelt innan dei fire arbeids-/pendlingsregionane ein har i fylket.
- Innsatsen skal konsentrerast om fire innsatsområder
  - Få flytta statlege arbeidsplassar ut av Oslo
  - Sørge for at regional stat i større grad blir til stades i vårt fylke som følgje av regionreforma
  - Arbeide for at vårt fylke ikkje mister statlege arbeidsplassar i dei ulike reformane som stadig pågår i statlege verksemdar
  - Auke innslaget av forskingsarbeidsplassar i fylket

### Prosjektet

Prosjektet er eit samarbeid mellom fylkeskommunen, Fylkesmannen, regionråda og Mørebenken. Prosjektansvarleg er regional- og nærings sjef Bergljot Landstad. Prosjektleiar er Oddbjørn Vassli.

Desse utgjer prosjektgruppa:

Ellen Engdahl, Orkidé

Alf Reistad, Romsdal regionråd

Jan-Kåre Aurdal, Sunnmøre regionråd

Vigdis Rotlid Vestad, Fylkesmannen

Eivind Vartdal Ryste, fylkeskommunen

### 3. Oppdatering av kunnskapsgrunnlaget

#### Utgangspunktet

Kunnskapsgrunnlaget som vart utarbeidd hausten 2017 la til grunn at Møre og Romsdal hadde 10.608 statlege arbeidsplassar av i alt 126.807 arbeidsplassar totalt i fylket. Statlege arbeidsplassar utgjorde 8,4 % av totalen.

For landet var tala 297.875 statlege arbeidsplassar totalt av samla 2.591.904 arbeidsplassar, tilsvarande 11,5 % av totalen.

Skal Møre og Romsdal ha eit like stort innslag av arbeidsplassar som resten av landet, manglar fylket altså rundt 4.000 statlege arbeidsplassar.

#### Utviklinga i 2017 i stort

I 2017 var veksten i statlege arbeidsplassar for landet samla historisk låg - «berre» 405. Som referanse har veksten i statlege arbeidsplassar åra etter 2012 vore på nesten 24.800.

Møre og Romsdal fekk 50 færre statlege arbeidsplassar i 2017. Forklaringa er i hovudsak knytt til redusert bemanning i Helseføretaket, medan det har vore vekst i statleg administrasjon og undervisning.

For landet samla vart det skapt 33.655 nye arbeidsplassar i 2017. Av denne veksten stod kommunal sektor for 9.868 arbeidsplassar og privat sektor og offentlege føretak for 23.088.

For Møre og Romsdal var veksten for alle sektorar berre 529 nye arbeidsplassar i 2017. Heile veksten kom i kommunesektoren. Endringane i sysselsettinga i 2017 fordelt på sektorar er vist i tabellen under:

Møre og Romsdal	Sysselsatte personer etter arbeidssted		
	2016	2017	Endring
<i>Alle sektorar samla</i>	126 817	127 366	529
Statlig forvaltning	10 608	10 558	-50
Fylkeskommunal forvaltning	2 550	2 542	-8
Kommunal forvaltning	28 016	28 681	665
Privat sektor og offentlige foretak	85 633	85 567	-66

#### Endringar internt i fylket

Dette prosjektet deler fylket i 4 arbeidsmarknad- eller pendlarregionar. Det er store skilnader på utviklinga innafor dei fire regionane:

- Størst netto arbeidsplassvekst i 2017 hadde Kristiansundregionen med pluss 335 etterfølgd av Ålesundsregionen med 228 nye arbeidsplassar.
- Søre Sunnmøre hadde ein liten vekst på 34 nye arbeidsplassar medan Molderegenen i 2017 fekk netto 65 færre arbeidsplassar.

Når det gjeld statlege arbeidsplassar mista Ålesundsregionen 58 og Søre Sunnmøre 7. Molderegenen fekk 11 nye statlege arbeidsplassar og Kristiansundregionen netto 4 nye i 2017.

Region	Sektor	2016	2017	Endring 2017
Sum for Søre Sunnmøre	Alle sektorer	22080	22114	34
	<i>Statlig forvaltning</i>	1357	1350	-7
Sum for Ålesundregionen	Alle sektorer	48128	48356	228
	<i>Statlig forvaltning</i>	4481	4423	-58
Sum for Molderegionen	Alle sektorer	31400	31335	-65
	<i>Statlig forvaltning</i>	3280	3291	11
Sum for Kristiansundregionen	Alle sektorer	25206	25541	335
	<b>Statlig forvaltning</b>	<b>1490</b>	<b>1494</b>	<b>4</b>

### Byane som regionale motorar

37 % (98.710) av fylkets 266.856 innbyggjarar budde ved årsskiftet i dei tre byane som deltek i utviklingsprogrammet «Byen som regional motor». Som tabellen under viser hadde desse tre byane ved same årsskifte 44 % av arbeidsplassane i fylket. Det betyr at byane har ei viktig rolle i å tilby arbeidsplassar til folk i dei omkringliggende kommunane.

72 % prosent av dei nye arbeidsplassane i vårt fylke i 2017 kom i dei tre byane. Ikkje minst skuldast dette den positive utviklinga i Kristiansund i fjoråret.

For vekst i dei statlege arbeidsplassane er det berre Molde som bidreg positivt med ein vekst på 22 nye statlege arbeidsplassar, medan talet går ned i Kristiansund og Ålesund – i Ålesund er reduksjon på heile 65 arbeidsplassar knytt til Helseføretaket.

Kristiansund var den byen – og kommunen i fylket– som i 2017 hadde størst vekst i tal arbeidsplassar både totalt og i privat sektor.

Område	Tal arbeidsplassar i 2017	Vekst totalt 2017	Vekst statlege 2017	Vekst fylkeskommunale 2017	Vekst kommunale 2017	Vekst privat sektor og off. foretak 2017
Ålesund	28 252	135	-65	7	158	35
Molde	16 610	6	22	-10	57	-63
Kristiansund	11 353	241	-14	-3	105	153
Fylket samla	127 348	529	-50	-8	665	-66
Andel byane	44 %	72 %	114 %	75 %	48 %	-189 %

### Utviklinga i Møre og Romsdal i høve til dei andre fylka i 2017

For landet samla vart det altså totalt skapt 33.655 nye arbeidsplassar i 2017 – av desse 405 i statleg sektor. Tabellen nedanfor viser den fylkesvise fordelinga av nye arbeidsplassar i 2017 – totalt og for statlege arbeidsplassar:

Fylke	Vekst totalt 2017	Vekst statlige 2017
16 Sør-Trøndelag	3 141	808
12 Hordaland	2 399	428
11 Rogaland	2 173	167
19 Troms - Romsa	1 079	162
10 Vest-Agder	1 173	95
01 Østfold	1 698	86
07 Vestfold	1 897	38
14 Sogn og Fjordane	345	-16
02 Akershus	3 579	-19
09 Aust-Agder	462	-19
20 Finnmark - Finnmark	270	-31
15 Møre og Romsdal	529	-50
06 Buskerud	1 347	-62
18 Nordland	1 047	-64
04 Hedmark	668	-87
17 Nord-Trøndelag	566	-130
03 Oslo	11 198	-164
08 Telemark	498	-170
05 Oppland	26	-574

Det vart altså 405 nye statlege arbeidsplassar i landet i 2017. Utviklinga mellom fylka var:

- Dei fleste nye statlege arbeidsplassane i 2017 kom i Sør-Trøndelag, Hordaland, Rogaland, Troms og Vest-Agder. Nærare undersøkingar viser at vi her snakkar om landsdelsentra og universitetsbyane Trondheim, Bergen, Stavanger, Tromsø og Kristiansand.
- Det er grunn til å legge merke til at det vart færre statlege arbeidsplassar i 2017 både i Oslo og Akershus.
- Med den positive veksten som no er i Rogaland (som så langt har vore fylket med relativt minst statlege arbeidsplassar), så nærmar situasjon seg når Møre og Romsdal blir det fylket i landet som har færrest statlege arbeidsplassar i høve til arbeidsstyrken.

Av den totale arbeidsplassveksten for alle sektorar på vel 33.000 nye arbeidsplassar i 2017, vart fordelinga mellom fylka slik:

- 15.000 nye arbeidsplasser eller 44 % ble skapt i Oslo og Akershus
- 10.000 arbeidsplassar – eller 30 % - vart skapt i dei 5 fylka med landsdelsentra og universitet (Troms, Sør-Trøndelag, Hordaland, Rogaland og Vest-Agder)
- Resten – 26 % - kom i dei andre 12 fylka

Veksten i landsdelsentra er ikkje noko nytt. Det som er nytt i 2017 er at veksten i statlege arbeidsplassar i Oslo og Akershus har stoppa opp. Samla har veksten i statlege arbeidsplassar vore på nesten 25.000 frå og med 2012. 16.000 av desse nye arbeidsplassane – 2 av 3 - har kome eller blitt lokalisert til hovudstaden og dei 5 landsdelsentra/universitetsbyane.

## 4. Rapport handlingsplanen for 1. halvår 2017

### Fylkestinget sitt vedtak

Fylkestinget vedtok i desember 2017 både strategi og handlingsplan for arbeidet med statlege arbeidsplassar. Gjennomføring av prosjektet skulle rapporterast til fylkesutvalet halvårleg, også med høve til å gjere endringar i strategi og/eller handlingsplan etter kvart som ein vinn erfaringar og føresetnader endrar seg.

Nedanfor blir det gitt ein summarisk oversikt over status og resultat for dei tiltaka som låg i handlingsplanen for 1. halvår 2018. Ein har forsøkt seg med trafikklysfargar på tiltaka for å gi ein visuell framsyning av korleis ein vurderer arbeidet med tiltaket står.

### Generelt om arbeidet i prosjektet

Tiltak/mål	Status/resultat
Departementet	<ul style="list-style-type: none"><li>Fylkesordførar og prosjektleiar hadde 12. februar eit møte med statssekretær Anne Karin Olli i KMD som samordnar arbeidet med lokalisering av statlege arbeidsplassar. Frå vår side presenterte vi grunngevinga for kvifor Møre og Romsdal treng fleire statlege arbeidsplassar og kva saker vi jobbar med i første omgang. Stortingsrepresentant Helge Orten deltok også på delar av møtet.</li><li><b>Konklusjon:</b><ul style="list-style-type: none"><li>Møre og Romsdal kan ikkje forvente ei særhandsaming når det gjeld statlege arbeidsplassar.</li><li>Dvs. at Møre og Romsdal sjølv må kjempe fram kvar einaste sak som skal gi relativt fleire statlege arbeidsplassar hit til fylke i høve til andre fylke.</li><li>Viktigaste «brekkstang» er regjeringa sine eigne retningslinjer for lokalisering av statlege arbeidsplassar</li><li>Kontaktperson i KMD vil vere fagdirektør Judith Kortgård.</li></ul></li></ul>
Fylkesmannen	<ul style="list-style-type: none"><li>8. mars arrangerte Fylkesmannen for første gang eit møte for alle statlege leiarar (ca. 40 ) i Møre og Romsdal. Slike møte blir no fast framover som ledd i Fylkesmannen sitt oppdrag med å samordne regional stat i fylket.</li><li>Initiativet vart godt motteke med god tilbakemelding frå deltakarane.</li><li>Fylkeskommunen fikk god tid til både å presentere «Møre og Romsdal som region mot 2025» og «Fleire statlege arbeidsplassar til Møre og Romsdal»</li><li><b>Konklusjon:</b> Statsleiarmøtet blir ein viktig framtidig arena for kontakt og kommunikasjon med leiarane for dei statlege verksemdene i fylket. Deltaking her blir eit viktig bidrag frå Fylkesmannen i prosjektet.</li></ul>

<p><b>Mørebenken</b></p>	<ul style="list-style-type: none"> <li>• Prosjektet har sidan starten møtt Mørebenken på Stortinget tre gonger <ul style="list-style-type: none"> <li>○ Første gong ved etableringa i juli 2017 under jazzen i Molde.</li> <li>○ Deretter på Stortinget 18. oktober i samband med at ROR møtte Stortingsrepresentantane frå Møre og Romsdal.</li> <li>○ Vidare på møte mellom fylkeskommunen og Mørebenken 5. januar 2018 i Molde.</li> <li>○ Representantane får informasjon frå prosjektet med jamne mellomrom på e-post.</li> <li>○ Prosjektleiari fører også e-post-dialogar med aktuelle stortingsrepresentantar på relevante saker, og fleire representantar har sjølv teke initiativ i lokaliseringssaker.</li> </ul> </li> <li>• <b>Konklusjon:</b> Mørebenken deltar i arbeidet på ein svært positiv og aktiv måte.</li> </ul>
<p><b>Regionråda</b></p>	<ul style="list-style-type: none"> <li>• Prosjektleiari samarbeider aktivt med regionråda og gir dei konkret ansvar for oppfølging av tiltak i eigen region. I stor grad fungerer det, men det synest som om kapasiteten hos dei daglege leiarane i regionråda er avgrensa.</li> <li>• Prosjektleiari har deltatt på medlemsmøter i alle regionråda samt Sjustjerna på Søre Sunnmøre.</li> <li>• <b>Konklusjon:</b> Deltakinga frå og kontakten med regionråda er avgjerande for å følgje opp strategien om at vi skal vere samde i lokaliseringssaker før vi reiser til Oslo, og i alle fall ikkje bruke tid på intern kringling om lokalisering av statlege arbeidsplassar. Prosjektleiari og dei daglege leiarane for regionråda samarbeider lett og godt saman.</li> </ul>

## Rapport innsatsområde «Statlege arbeidsplassar ut av Oslo»

Tiltak/mål	Status/resultat
<p><b>70 nye statlege arbeidsplassar til Kristiansund</b></p>	<ul style="list-style-type: none"> <li>• I samband med Regjeringa si regionalmelding våren 2017 la ho fram ei plan for nyetablering eller utflytting av vel 600 statlege arbeidsplasser ut av Oslo.</li> <li>• Av vel 20 ulike utflyttingar eller nyetableringar, var Møre og Romsdal inne med eit tiltak – 70 arbeidsplassar skulle etablerast i Kristiansund knytt til statlege arbeidsoppgåver inkludert politiet sitt løns- og rekneskapsenter.</li> <li>• Denne etableringa er under gjennomføring – riktig nok med eit litt anna innhald og ein kombinasjon av stillingar mellom politiet og skatteetaten – men er i rute og ser ut til å bli etablert i tråd med regjeringa si plan. Rekrutteringa har gått greitt og desse to miljøa vil ha viktige nasjonale oppgåver framover.</li> </ul>



	<ul style="list-style-type: none"> <li>• Arbeidet blir i hovudsak følgt opp av Kristiansund kommune, og har skjedd i hovudsak før prosjektet statlege arbeidsplassar vart starta opp</li> <li>• <b>Konklusjon:</b> Vellukka, betydeleg og viktig etablering av nye statlege arbeidsplassar i Kristiansund i godt samarbeid mellom Storting, regjering, statlege etatar og kommune der også fylkeskommunen deltok i ein avgjerande vedtaksfase.</li> </ul>
20 arbeidsplasser frå Utdanningsdirektoratet til Molde	<ul style="list-style-type: none"> <li>• I samband med etablering av ny etatsstruktur under Kunnskapsdepartementet i 2017, er det vedtak om at ytterlegare 20 arbeidsplassar skal flyttast ut frå Utdanningsdirektoratet innan 2022.</li> <li>• I den nye strukturen har direktoratet no berre kontor i Molde, Tromsø og Hamar (i tillegg til Oslo). Molde har derfor gode føresetnader til å konkurrere om denne etableringa.</li> <li>• Det er etablert kontakt med den nye direktøren i Utdanningsdirektorat som vedkjenner seg bestillinga frå regjeringa, men som samtidig ikkje er kome i gang med prosessen fordi ein har god tid på seg fram til 2022.</li> <li>• Det er også etablert kontakt med avdelingsleiarane ved Moldekontoret.</li> <li>• <b>Konklusjon:</b> Saken blir følgt vidare opp av prosjektleiar saman med ROR og Molde kommune.</li> </ul>
Nasjonalt ferjekontor til Møre og Romsdal	<ul style="list-style-type: none"> <li>• Det har lenge vore snakka om behovet for eit nasjonalt ferjekontor for å samordne og bygge kompetanse rundt særleg bestillarfunksjonen i ferjedrifta. I denne samanheng har ein meint at Møre og Romsdal vil utpeike seg som lokaliseringsstad for eit slikt kontor.</li> <li>• For å grunngi ideen om ferjekontor betre, har prosjektet via samferdselsavdelinga engasjert Møreforskning Molde til å lage ein rapport som beskriv problema knytt til dagens bestillarfunksjon og marknad i ferjedrifta, og korleis eit nasjonalt ferjekontor kan bidra til å løyse desse.</li> <li>• Rapporten foreslås sendt til Vegdirektoratet, samferdselskomiteen og Stortingets transport- og kommunikasjonskomite som innspel frå Møre og Romsdal, til arbeidet med ny nasjonal ferjestrategi som er under arbeid jfr. Innst. 460 S – 2016–2017 side 60.</li> <li>• <b>Konklusjon:</b> Møre og Romsdal fylkeskommune følgjer opp etablering av nasjonalt ferjekontor inn mot arbeidet med utarbeiding og vedtak av ein nasjonal ferjestrategi.</li> </ul>
Økologisk seksjon i Landbruksdirektoratet til Tingvoll	<ul style="list-style-type: none"> <li>• I sin «Plan for lokalisering av statlige arbeidsplasser» varsla Regjeringa at ho ville gå gjennom landbruksforvaltninga fram til sommaren 2017.</li> <li>• Resultatet vart at 30 arbeidsplassar – i hovudsak innan skogbruk – vart flytta til Steinkjer.</li> <li>• <b>Konklusjon I:</b> Toget for Tingvoll og utflytting av arbeidet med økologisk landbruk frå Landbruksdirektoratet kan i denne omgang synest å ha gått utan resultat.</li> </ul>

	<ul style="list-style-type: none"> <li>• <b>Konklusjon II:</b> Det er likevel viktig å fortsatt arbeide for styrking av øko-landbruksmiljøet på Tingvoll slik det i dag framstår gjennom stiftinga Norsøk og ei avdeling av Nibio. Arbeidet må framover sjåast i samheng med innsatsen for å få fleire forskingsarbeidsplasser og meir robuste forskingsmiljø i fylket.</li> </ul>
--	--

## Rapport innsatsområde «Regional stat»

Tiltak/mål	Status/resultat
<p><b>Plan for statlege etater som skal etablere seg i Møre og Romsdal som ledd i regionreforma</b></p>	<ul style="list-style-type: none"> <li>• Regional statsforvaltning utgjer ein betydeleg del av offentleg forvaltning. 21 av 63 direktorat har eit regionalt apparat. I desse etatane er det i alt 62 500 tilsette. I tillegg kjem dei 17 fylkesmannsembeta med vel 2 700 tilsette, som utfører oppgåver for fleire departementet og direktorat.</li> <li>• Ei forventning i Møre og Romsdal har vore at regionreforma skal føre til fleire statlege arbeidsplassar til fylket – dels ved at regional stat må tilpasse seg dei 11 nye regionane (dvs. vere lokalisert i alle 11 regionar), dels ved at nye statlege oppgåver vert tilført dei nye regionane og vil gi fleire «statsfinansierte» arbeidsplassar i vårt fylke.</li> <li>• Når det gjeld effekten av tilpassingar i regional stat, kan det synest som om føresetnadene er endra nasjonalt eller forventningane har vore for store i vårt fylke. I Difi-rapport 2017:10 «<i>Hva skjer med regional statsforvaltning? Utviklingstrekk, drivkrefter og muligheter</i>» kjem nye faglege innspel <ul style="list-style-type: none"> <li>○ «Ulik regional inndeling er et begrenset problem</li> <li>○ Fortsatt behov for at staten er fysisk til stede i hele landet - men viktigere med lokalt enn regionalt nivå</li> <li>○ Utvikling vil gå fra å vektlegge regionalisering til å vektlegge riktig lokalisering»</li> </ul> </li> <li>• I kommuneproposisjonen (Prop. 88 S (2017–2018) kap. 7.4) fastslår Regjeringa at det « verken er realistisk eller formålstjenlig å se for seg en gjennomgang av alle statlige etater med regionale strukturer». Så langt er det identifisert 10 regionale statsetatar som inngår i omfattande samarbeidsrelasjonar, både med fylkesmannen, fylkeskommunen og kvarandre, og som treng regional samordning. Dette er: <ul style="list-style-type: none"> <li>○ NAV</li> <li>○ Innovasjon Norge</li> <li>○ Husbanken</li> <li>○ IMDi</li> <li>○ Bufetat</li> <li>○ Statens Vegvesen</li> <li>○ NVE</li> <li>○ Fiskeridirektoratet</li> </ul> </li> </ul>

	<ul style="list-style-type: none"> <li>○ <i>Politiet</i></li> <li>○ <i>Sivilforsvaret</i></li> </ul> <p>Regjeringa samarbeider no med Difi og det enkelte fagdepartement om den vidare avklaring av den regionale organiseringa for desse etatane</p> <ul style="list-style-type: none"> <li>• I same dokument kap. 7.7 listar regjeringa opp oppmodingsvedtak frå Stortinget om å utgreie/overføre nye oppgåver til dei nye regionane m.a. knytt til: <ul style="list-style-type: none"> <li>○ <i>Innovasjon Norge</i></li> <li>○ <i>Friluft- og kulturminneforvaltning</i></li> <li>○ <i>Regionale forskingsfond</i></li> <li>○ <i>IMDi</i></li> <li>○ <i>Statlege fiskarhamner</i></li> <li>○ <i>Breiband</i></li> <li>○ <i>Regional vegadministrasjon</i></li> </ul> </li> <li>• 1. februar avga eit ekspertutval (Hagenutvalet) si innstilling om overføring av nye oppgåver til dei nye fylkeskommunane «<i>Desentralisering av oppgaver fra staten til fylkeskommunene</i>». Fylkestinget ga si uttale til forslaget i sak T-11/18 og slutta seg i hovudsak til alle hovudforslaga frå eksepertutvalet.</li> <li>• Om vidare handsaming av ekspertutvalet si innstilling, skriv regjeringa: «Departementene er nå i gang med å vurdere forslagene i rapporten og høringsinnspillene. Forslag fra regjeringen som krever lov- eller forskriftsendringer vil bli sendt på alminnelig høring der utredningsinstruksen krever dette, slik at høringsinstansene får anledning til å uttale seg om regjeringens konkrete forslag. Ev. forslag til lovendringer fremmes deretter for Stortinget. Forslag fra regjeringen som krever budsjettendringer vil bli håndtert i den ordinære budsjettprosessen»</li> <li>• I behandlingen av regionreformen vedtok Stortinget m.a.: «<i>Stortinget ber regjeringen sørge for at regional vegadministrasjon, som har ansvar for planlegging og drift av fylkesveiene, overføres fra Statens vegvesen til regionalt folkevalgt nivå</i>» (vedtak 838/2017). Utgreiingsansvaret har vore lagt til Vegdirektoratet som la fram si innstilling 15. mai. Utvalet konkluderer med at overføring til dei nye fylkeskommunane frå 1.1.2020 er krevjande, men muleg. Men ser ein på konsekvensane for vegforvaltninga totalt er det best å vidareføre 125 års sams vegadministrasjon, meiner direktoratet. 4000 personar i statens vegvesen arbeider i dag med fylkesvegnettet. Fylkeskommunane kallar innstillinga frå Vegdirektoratet eit forsøk på omkamp i høve til Stortingets bestilling.</li> <li>• <b>Hovudkonklusjon I</b> på alt dette er at det <i>ikkje ser ut til å bli noko samla handsaming i Regjering og Storting om kva oppgåver som skal overførast til dei nye regionane/ fylkeskommunane</i>. Fagdepartementa blir sjølve viktige premissgivarar i det vidare arbeidet og saker vil bli avgjort på ulik tid og ulike måtar.</li> </ul>
--	--

	<ul style="list-style-type: none"> <li>• <b>Hovudkonklusjon II</b> er at det synest irrelevant å lage ein eigen plan for kva statlege etatar Møre og Romsdal ønskjer skal etablere seg i fylket i kjølvatnet av regionreforma. Det er summen av endringane i regional stat, oppfølging av oppmodingsvedtak og vedtak knytt til Hagen-utvalet som avgjer korleis Møre og Romsdal kjem ut av dette. Fylkeskommunen må drøfte strategi og arbeidsmåtar som kan vere relevante for å kome best muleg ut av denne store «omlaftingsprosessen» som nå skjer i den regionale forvaltninga. Problemstillingane og utfordringane går langt utover dette prosjektet.</li> </ul>
<p><b>Senter mot arbeidslivskriminalitet</b></p>	<ul style="list-style-type: none"> <li>• Arbeidet for å få etablert eit senter mot arbeidslivskriminalitet i Møre og Romsdal kom fram gjennom den politiske handsaminga av strategien hausten 2017</li> <li>• Prosjektleiari har vore i kontakt med politisk leiing både i Justisdepartementet og Arbeidsdepartementet om dette tiltaket. Statssekretær Morten Bakke skriv tilbake: «I 2015 la regjeringa fram en eigen strategi mot arbeidslivskriminalitet, denne ble revidert i 2017. Et sentralt tiltak i strategien er å videreutvikle et forpliktende og koordinert samarbeid mellom Arbeidstilsynet, NAV, politiet og Skatteetaten. For å legge bedre til rette for et slikt etatssamarbeid har regjeringen etablert 7 a-krimsentre. A-krimsentrenes plassering er basert på etatenes samlede erfaringer og faglige vurderinger om hvor det er størst risiko for arbeidslivskriminalitet. Etter innspill fra etatene er det derfor etablert a-krimsentre i Bergen, Stavanger, Oslo, Kristiansand, Trondheim, Tønsberg og Bodø. Etatene stiller med egne ressurser inn i a-krimsentrene, i hovedsak er dette nye stillinger.»</li> <li>• I Møre og Romsdal er det i 2017 inngått ein samarbeidsavtale mellom Arbeidstilsynet, Nav, politiet, Skatteetaten og skatteoppkrevarane og Statens vegvesen kring dette temaet</li> <li>• Departementet skriv: «A-krimsentrene er et viktig tiltak i kampen mot arbeidslivskriminalitet, men det er den brede innsatsen både i og utenfor sentrene som samlet sett bidrar til å forhindre og bekjempe arbeidslivskriminalitet. Det positive samarbeidet i Møre og Romsdal er et godt bidrag til det».</li> <li>• <b>Konklusjon:</b> Det synest å vere lite aktuelt og relevant å arbeide isolert for å få etablert eit senter for arbeidslivskriminalitet akkurat no i Møre og Romsdal. Nye høve kan vere dersom ei evaluering av dagens samarbeidsavtale mellom dei aktuelle etatane syner seg ikkje å fungere tilfredsstillande, eller at arbeidslivskriminalitet kan bli ein del av regionreforma og omfatte alle dei nye regionane.</li> </ul>

## Rapport innsatsområde «Pågåande endringar i eksisterande statlege verksemder»

Tiltak/mål	Status/resultat
<p><b>Helfo, Ørsta</b></p>	<ul style="list-style-type: none"> <li>• Regjeringa vedtok 19. april at Helfos framtidige kontorstruktur skal bestå av kontora Mo i Rana, Ørsta, Sola, Fredrikstad og Tønsberg, og Kirkenes</li> <li>• Kontora i Oslo, Bergen, Kristiansand, Voss, Eidsvoll, Kongsberg, Risør, Harstad, Gloppen, Vågå, Verdal, Nærøy, Lenvik, Beiarn, Orkdal og Brumunddal vert lagt ned.</li> <li>• Med målretta IKT-investeringar og endra kontorstruktur kan Helfo over fem år redusere tal årsverk med om lag 100, frå dagens 550 til cirka 450</li> <li>• Både regionråd, kommuneleiinga i Ørsta, stortingsrepresentant Helge Orten og prosjektleiar har arbeid med saka.</li> <li>• <b>Konklusjon:</b> Med dette vedtaket er denne saka positivt landa. Ørstakontoret blir eit av dei framtidige kontora som HELFO skal bygge vidare på. Veldig positivt for ein region med lite statlege arbeidsplassar.</li> </ul>
<p><b>Lånekassa Ørsta</b></p>	<ul style="list-style-type: none"> <li>• Lånekassa sitt avdelingskontor vart sikra før dette prosjektet kom i gang m.a. etter godt arbeid frå lokal- og regionpolitikarar på Sunnmøre</li> <li>• Ørstakontoret har likevel stått på observasjonslista for å følgje med at det ikkje kom noko tilbakeslag</li> <li>• Lånekassa søker for tida nye lokalar i Ørsta sentrum til verksemda</li> <li>• <b>Konklusjon:</b> Lånekassa sitt kontor i Ørsta er sikra i denne omgangen.</li> </ul>
<p><b>Helse Møre og Romsdal</b></p>	<ul style="list-style-type: none"> <li>• Helse Møre og Romsdal HF står for nesten 6.000 av dei 10.500 statlege arbeidsplassane i fylket. Utviklinga i Helseføretaket har derfor avgjerande betydning for den totale utviklinga av statlege arbeidsplassar i fylket.</li> <li>• I 2017 gikk tal arbeidsplassar i Helseføretaket ned med 193 – frå 5.979 i 2016 til 5.786 ved utgangen av 2017.</li> <li>• Prosjektet med deltaking både frå fylkesordførar og fylkesrådmann hadde møte med leiinga i Helseføretaket 16. mai.</li> <li>• Helseføretaket står i ei tøff økonomisk utvikling og kan ikkje sjå bort frå framtidige bemanningskutt og/eller strukturendringar.</li> <li>• <b>Konklusjon:</b> Det er grunn til å uro over at Helseføretaket sine økonomiske rammer kan kome til å tvinge fram bemanningskutt – og dermed reduksjonar i dei statlege arbeidsplassane - hos den desiderte største og viktigaste statlege verksemda i fylket.</li> </ul>

<b>Campus Kristiansund</b>	<ul style="list-style-type: none"> <li>• Campus Kristiansund er eit eige prosjekt - med fylkeskommunen som prosjektansvarleg – som skal bli ein framtidig arena for høgare utdanning, forskning og innovasjon på Nordmøre</li> <li>• <b>Konklusjon:</b> Det er ikkje naturleg at prosjektet for fleire statlege arbeidsplassar skal ha nokon rolle for oppfølging eller rapportering frå arbeidet i Campus Kristiansund. Sjølv sagt kjenner ein til kvarandre og samarbeider når det er nødvendig. Tiltaket blir tatt ut av handlingsplanen.</li> </ul>
<b>Øvrige campusar</b>	<ul style="list-style-type: none"> <li>• <b>Konklusjon:</b> Det som er sagt ovanfor gjeld også utvikling av dei øvrige campusane i Møre og Romsdal. Fylkeskommunen har ei eiga satsing på campusutvikling i Molde, Ålesund og Volda.</li> </ul>
<b>Interne nasjonale senter i statlege verksemder</b>	<ul style="list-style-type: none"> <li>• Tiltaket kom inn fordi det er ei tydeleg utvikling på at det både i eksisterande etatar og ved nyetableringar, blir satsa på etablering av ulike typar nasjonale senter (servicesenter, ressurscenter, datasenter, kompetansesenter osv.).</li> <li>• <b>Konklusjon:</b> Ein ser i ettertid at det er vanskeleg å jobbe med å få etablering av slike senter til Møre og Romsdal som eit tema i seg sjølv. Vegen til å få slike senter er dels å gjere statlege verksemder i fylket meir ambisiøse når det gjeld å ta nasjonale oppgåver, dels vil slike senteretableringar naturleg kome fram når ein jobbar med analyse av dei enkelte statlege etatar som er under omstilling/omorganisering eller nyetableringar.</li> </ul>

## Rapport innsatsområde «Forsking- og innovasjonsarbeidsplassar»

Tiltak/mål	Status/resultat
<b>Helseinnovasjonssenteret i Kristiansund</b>	<ul style="list-style-type: none"> <li>• Helseinnovasjonssenteret (HIS) vart satt inn på handlingsplanen både fordi det var ein interessant nyskaping og at det var lokalisert til Kristiansund bla. som eit tiltak for å redusere talet på tapte statlege arbeidsplassar når sjukehuset blir lagt ned.</li> <li>• Fylkeskommunen har deltatt med 1 mill. kroner til eit forskingsprosjekt ved HIS samtidig som fylkeskommunen også er med i styringsgruppa for senteret.</li> <li>• Helseinnovasjonssenteret har økonomisk vore fundert på ei 2-års etableringsløyving på 12 mill. kroner frå Helse og omsorgsdepartementet som går fram til 1. mars 2019.</li> <li>• Utfordringa no er å konsolidere strategi, eigarskap, organisering og økonomiplan som gjer at senteret kjem frå gründerfasen over i ein vekst og utviklingsfase.</li> <li>• Fylkesrådmann og prosjektleiar har fleire goner vore i møte med nøkkelpersonar i Kristiansund for å få til ei</li> </ul>

	<p>samling om ein strategi som skal gjere HIS til eit nasjonalt senter for helseteknologi, tenesteutvikling, helsenæring, samhandling og forskning med utgangspunkt i eit breitt eigarskap og nedslagsfelt i heile Møre og Romsdal.</p> <ul style="list-style-type: none"> <li>• Vidare framdrift er å få til ei langsiktig grunnfinansiering av senteret over statsbudsjettet alt for 2019.</li> <li>• <b>Konklusjon:</b> Helseinnovasjonscenteret har fått til mykje på kort tid, men er avhengig av ein meir permanent grunnfinansiering samtidig som strategi og eigarskap blir tydelegare. Fylkeskommunen vil ta ei aktiv rolle i dette arbeidet med å få bygd opp ein nytt forskings- og innovasjonsmiljø i fylket innafor helseområdet med nasjonale ambisjonar. I eiga sak blir det foreslått at fylkeskommunen skal bruke 1,5 mill. i regionale utviklingsmidlar i dette arbeidet</li> </ul>
<p><b>Forskning Helse Møre og Romsdal</b></p>	<ul style="list-style-type: none"> <li>• Helse Møre og Romsdal HF er både den største statlege arbeidsgivaren og det største forskingsmiljøet i fylket vårt. Føretaket har årleg rundt 40 ph.d-studentar, har eit 20-talls kombinertstillingar med NTNU og gjennomfører årleg 150-talls forskingsprosjekt</li> <li>• Likevel syner statistikk at Helseforetaket i Møre og Romsdal er det føretaket som brukar relativt nest minst til forskning av alle Helseforetaka målt som del av driftsbudsjettet</li> <li>• I 2015 brukte Helse Møre og Romsdal 0,2 % av sitt driftsbudsjett til forskning. Tilsvarande tal for Helse Nord-Trøndelag var 0,8 % og St. Olav 2 %</li> <li>• Tema vart drøfta i møte med leiinga i Helseforetaket 16. mai, og ein vart trygga på at Helseforetaket både har strategiar og ambisjonar for at forskning skal vere ein sentral del av verksemda i Helse Møre og Romsdal. Hausten 2017 blei det oppretta ein eigen forskingspost ved sjukehuset i Ålesund.</li> <li>• <b>Konklusjon:</b> Helseforetaket har alle føresetnader for å utgjere eit av dei viktigaste forskingsmiljøa i vårt fylke. I tillegg til klinisk forskning, utdanning og innovasjon, er det viktig å etablere forskingssamarbeid med næringslivet som kan danne grunnlag for nye forskingsbasert bedrifter innafor den sterkt veksande helsenæringa. Fylkeskommunen kan stimulere til slikt samarbeid gjennom bruken av eigne verkemiddel inkludert Innovasjon Norge og Regionalt forskingsfond.</li> </ul>
<p><b>Forskingsmiljøa i fylket</b></p>	<ul style="list-style-type: none"> <li>• Ei kartlegging av forskingsmiljøa i fylket viser at ein finn 7 ulike miljø med til saman 164 tilsette. Av desse er 67 forskarar – 46 med doktorgrad.</li> <li>• Forskingsmiljøa er: <ul style="list-style-type: none"> <li>○ Nofima, Sunndal</li> <li>○ Norsøk, Tingvoll</li> <li>○ Nibio, Tingvoll</li> </ul> </li> </ul>

	<ul style="list-style-type: none"> <li>○ Helseinnovasjonssenteret, Kristiansund</li> <li>○ Møreforskning, Molde og Ålesund</li> <li>○ SINTEF, Ålesund</li> <li>○ Runde miljøsentere, Herøy</li> <li>● I tillegg kjem forskning ved høgskolane og NTNU samt ikkje minst forskning i næringslivet. I næringslivet vårt er det registrert 50 forskarar med doktorgrad.</li> <li>● Forskingsindikatorar viser at den næringsdrivne forskinga i fylket er i fin vekst og er på høgde med landsgjennomsnittet. Men Møre og Romsdal ligg langt etter når det gjeld forskning i offentlig sektor og forskning ved utdanningsinstitusjonane.</li> <li>● I landet som heilskap er det registrert vel 16.000 sysselsette innanfor forskning og utviklingsarbeid. For Møre og Romsdal er talet for 2017 185 personer dvs. 1,1 % i eit fylke som har 5 % av landets befolkning.</li> <li>● <b>Konklusjon:</b> <ul style="list-style-type: none"> <li>○ Temaet forskning kom inn i strategien for statlege arbeidsplassar fordi ein såg at Møre og Romsdal hadde langt lågare Fol-arbeidsplassar enn landet samla, og at forskning i stor grad er statleg finansiert med store økonomiske ressursar som vert stilt til disposisjon både nasjonalt og i EU-systemet.</li> <li>○ Arbeidet med temaet så langt syner at utfordringane med å bygge opp større og meir robuste forskingsmiljø i fylket er komplisert og langsiktig og krev involvering frå mange aktørar. Dette arbeidet er større og meir langsiktig enn det som ligg til prosjektet «Fleire statlege arbeidsplassar.....» Fylkeskommunen arbeider kontinuerleg med å mobilisere til meir bruk av forskning. Dette bidrar til å bygge større kapasitet ved forskingsinstitusjonane.</li> <li>○ I dei nye regionane ligg det an til at fylkeskommunen får eit utvida ansvar både for kompetanse-, næringsutvikling-, forskning- og innovasjonsarbeidet i eigen region. Arbeidet med dei problemstillingane som er drøfta ovanfor kan forsterkast ytterlegare i denne utvida framtidige rolla til fylkeskommunen.</li> </ul> </li> </ul>
--	--



## 5. Nye aktuelle tiltak inn i handlingsplan for 2. halvår

### Introduksjon

Framfor har ein gått gjennom status for dei tiltaka for å få fleire statlege arbeidsplassar til fylket som vart lagt inn i handlingsplana for 1. halvår 2018. Både utarbeiding av kunnskapsgrunnlag, strategi og handlingsplan gikk raskt hausten 2017. Det er derfor naturleg å gjere større endringar i handlingsplanen for at prosjektet skal få riktig fokus og innretning – slik som det også er drøfta fleire stader i statusrapporten framfor.

Samtidig kjem det opp nye idear og mulegheiter som ein bør vurdere å ta inn i handlingsplanen for 2. halvår. Desse vert presentert nedanfor. Ein nyttar også høve til å rydde i nokre grensesnitt mellom prosjektet og den andre verksemda som fylkeskommunen driv.

### Generelt arbeid

Tiltak/mål	Status/resultat
<b>Havsatsinga til Innovasjon Norge</b>	<ul style="list-style-type: none"><li>Fylkesutvalet vedtok i februar møtet, sak U-10/18 ein uttale om at «Eit nasjonalt ressursenter for utvikling av havromsnæringar bør leggest til Innovasjon Norge Møre og Romsdal, lokalisert i Ålesund»</li><li>Saka bygde på eit initiativ frå NHO, og er tenkt vidareført i samarbeid mellom m.a. NHO og fylkeskommunen</li><li><b>Konklusjon:</b> Arbeidet med å få lagt Innovasjon Norge si havromssatsing til Ålesund skjer som eige tiltak utan å bli løfta inn i prosjektet «Fleire statlege arbeidsplassar til Møre og Romsdal».</li></ul>
<b>Regionreforma – nye statlege oppgåver til fylkeskommunen</b>	<ul style="list-style-type: none"><li>I samband med regionreforma vil det nærmast kontinuerleg framover vere drøftingar og vedtak om nye oppgåver til fylkeskommunen med tilhøyrande stillingar. Eksempelvis er det i Hagenutvalet berekna at 4.700 stillingar skal overførast frå stat til fylkeskommunane som følgje av deira forslag.</li><li>Det er viktig å sjå på desse stillingane som nye fylkeskommunale stillingar som følgje av nye oppgåver, og ikkje som statlege stillingar som blir lokalisert til Møre og Romsdal</li><li><b>Konklusjon:</b> Nye stillingar som blir tilført Møre og Romsdal fylkeskommune som følgje av nye oppgåver, er å sjå på som fylkeskommunale stillingar. Desse stillingane skal følgjeleg ikkje handterast av prosjektet «Fleire statlege arbeidsplassar...» eller treng ikkje nødvendigvis lokaliserast etter strategien for statlege arbeidsplassar.</li></ul>
<b>DogA – industridesign</b>	<ul style="list-style-type: none"><li>Det har lenge gått ein diskusjon om Norsk design og arkitektursenter – DogA. Særleg har næringslivet vore kritisk på grunn av påstått manglande synlegheit og relevans for bedriftene</li></ul>

	<ul style="list-style-type: none"> <li>• Temaet har ved fleire høve vore drøfta i Stortinget og stilt spørsmål til om m.a. deler av verksemda ikkje bør flyttast ut til andre delar av landet</li> <li>• Siste konklusjon frå statsråd Mæland før ho skifta beite var at ho ikkje ville pålegge DogA å flytte ut delar av verksemda, men at dette måtte vere fritt opp til DogA sjølv å vurdere og gjennomføre</li> <li>• Denne situasjonen har Møbelkraft AS tatt tak i, og arbeider med forankring av eit innspel til DogA om eit samarbeid om eit designmiljø for ferdigvareindustrien lagt til Sunnmøre</li> <li>• <b>Konklusjon:</b> Etablering av eit designmiljø i fylket for ferdigvareindustrien er interessant. Tiltaket blir løfta inn i handlingsplanen så fremt det kjem eit samla initiativ frå næringa om å gjere eit slikt framstøyt.</li> </ul>
<p><b>Konfliktrådet</b></p>	<ul style="list-style-type: none"> <li>• Konfliktråda er under omorganisering. Det er ønskeleg at konfliktråda skal ha same geografisk arbeidsområde som politimeisterdistrikta.</li> <li>• I Møre og Romsdal betyr dette at konfliktrådet på Sunnmøre kan bli slått saman med konfliktrådet for Nordmøre og Romsdal til ei eining – truleg med lokalisering til Ålesund (same som politimeisteren)</li> <li>• I tillegg er det forslag om at fire ulike stabsfunksjoner skal utplasserast frå Konfliktrådssekretariatet til eit eller fleire av dei regionale konfliktråda</li> <li>• Ein rapport utarbeid av Konfliktrådssekretariatet er sendt Justisdepartementet, men er førebels unntatt frå offentleg tilsyn</li> <li>• Jenny Klinge har i Stortinget stilt spørsmål til vidare handsaming av rapporten m.a. at den bør ut på høyring. Så langt er statsråden i tenkeboksen på korleis saka skal handsamast vidare</li> <li>• <b>Konklusjon:</b> <ul style="list-style-type: none"> <li>○ Det ligg i strategien for prosjektet at ein ikkje skal bruke tid på å flytte statlege arbeidsplassar internt i fylket. Ein har derfor overlata til Sunnmøre regionråd og Orkidé å finne ei løysing på framtidig lokalisering av det nye Møre og Romsdal konfliktråd</li> <li>○ På den andre sida er det meir nteressant at det vert planlagt utflytting av funksjonar frå Konfliktrådssekretariatet. Her bør Møre og Romsdal melde seg på. Kanskje heile sekretariatet kunne flytte ut av Oslo?</li> <li>○ Utflytting av heile eller delar av Konfliktrådssekretariatet til Møre og Romsdal blir satt på handlingsplana for 2. halvår</li> </ul> </li> </ul>
<p><b>Nasjonalt Eldreombod, Kristiansund</b></p>	<ul style="list-style-type: none"> <li>• Regjeringa har ambisjonar om å etablere eit nasjonalt eldre-, pasient- og brukarombod</li> <li>• Første skritt er å vedta ei lovendring i kap. 8 i Lov om pasient- og brukerrettigheter (pasient- og brukerrettighetsloven).</li> </ul>

	<ul style="list-style-type: none"> <li>• Midlar til ordninga er truleg innarbeid i statsbudsjett 2019 som kjem til hausten</li> <li>• Det har så langt ikkje vore signalisert noko om lokalisering bortsett frå at det nasjonale ombodet skal samlokaliseras med eit av dei eksisterande fylkesvise omboda</li> <li>• Pasientombodet i Møre og Romsdal har tatt initiativ i saken for at Møre og Romsdal med Kristiansund skal lanserast som kandidat for lokalisering av det nasjonale ombodet</li> <li>• <b>Konklusjon:</b> Lokalisering av det nasjonale eldre-, pasient- og brukarombodet til Møre og Romsdal og Kristiansund blir ført inn på handlingsplanen for 2.halvår</li> </ul>
<p><b>Senter for snøskredvarsling NVE, Stranda</b></p>	<ul style="list-style-type: none"> <li>• NVE har evaluert snøskredvarslinga og foreslått å etablere 5 nye regionar/senter for snøskredvarsling</li> <li>• Stortingsrepresentant Tove-Lise Torve har stilt spørsmål til statsråden om han vil vurdere Møre og Romsdal som lokalisering av ein slik region</li> <li>• Torve viser til at NVE frå før er etablert i Stranda med fjellskredovervaking, og peikar på synergjar ved å samlokalisere snøskredovervakinga til kompetansemiljøet som allereie er lokalisert på Stranda</li> <li>• <b>Konklusjon:</b> Prosjektet vil støtte etablering av eit senter for snøskredvarsling lagt til fjellskredovervakingsmiljøet i Stranda. Tiltaket blir tatt med i handlingsplanen for 2. halvår 2018</li> </ul>
<p><b>Besøksenter Nasjonalpark til Norsk Tindesenter, Åndalsnes</b></p>	<ul style="list-style-type: none"> <li>• Norsk Tindesenter (som fylkeskommunen også er medeier i), har stara jobbinga for at eit Besøksenter Nasjonalpark skal lokaliseras til Tindesenteret på Åndalsnes</li> <li>• Det er sjekka ut med Miljødirektoratet at Tindesenteret tilfredsstillar alle faglege krav til eit senter, det det står på nå er midlar og positivt vedtak i Miljødirektoratet</li> <li>• Eit slikt senter på Åndalsnes vil har særleg fokus på Tindesport og bratt friluftsliv- og såleis skilje seg ut frå dei andre sentra</li> <li>• Møre og Romsdal har delar av to nasjonalparkar innafor sine grenser – Dovrefjell-Sunndalsfjella og Reinheimen. Men Møre og Romsdal har ikkje noko statleg finansierte nasjonalpark-senter etter å ha mista I Natur senteret på Gjøra i 2016</li> <li>• Norsk Tindesenter ligg sentralt til i høve til turiststraumen og begge nasjonalparkane og har mange gjestar som brukar nasjonalparkane eller som ønskjer informasjon om desse</li> <li>• Nærmaste nasjonalparksenter ligg no i Lom</li> <li>• <b>Konklusjon:</b> Arbeidet med å få til eit Besøksenter Nasjonalpark ved Norsk Tindesenter, Åndalsnes blir tatt inn i handlingsplanen for 2. halvår 2018</li> </ul>

## 6. Handlingsplan 2. halvår 2018

### Frå 4 til 2 innsatsområder

Med bakgrunn i røynslene frå 1. halvår og endringar som har skjedd i føresetnader og kunnskapsgrunnlag, vil ein rå til at prosjektet går frå fire til to innsatsområder:

Innsatsområder 1. halvår 2018	Innsatsområder 2. halvår 2018
<ul style="list-style-type: none"><li>• Utflytting frå Oslo</li><li>• Regional stat</li><li>• Endringar i eksisterande statlege verksemder</li><li>• Forskningsarbeidsplassar</li></ul>	<ul style="list-style-type: none"><li>• Utflytting frå Oslo og nyetableringar</li><li>• Pågåande endringar i eksisterande statlege verksemder</li></ul>

Grunngjevinga for dette er gitt i kap. 4.statusrapporten.

### Handlingsplan 2. halvår 2018

Innsatsområder 1 - Utflytting frå Oslo og nyetableringar	Innsatsområder 2 - Pågåande endringar i eksisterande statlege verksemder
1.1 Utdanningsdirektoratet til Molde	2.1 Helse Møre og Romsdal HF
1.2 Nasjonalt ferjekontor til Møre og Romsdal	2.2 Senter for snøskredvarsling, Stranda
1.3 DogA industridesign til Sunnmøre	2.3 Besøksenter Nasjonalpark, Norsk Tindesenter, Åndalsnes
1.4 Nasjonale oppgåver i Konflikttrådssekretariatet lagt til Konfliktrådet i Møre og Romsdal	2.4 Fleire nye nasjonale senter i eksisterande verksemder lagt til Møre og Romsdal
1.5 Nasjonalt eldre-, pasient- og brukarombod lagt til Pasient- og brukarombodet i Kristiansund	
1.6 Helseinnovasjonssenteret i Kristiansund	